

Bukken

TEMA: Kremmerleier ①105, Kirke og kloster ①52
KART: ④440

I CHRISTIAN IVs dagbok frå Noregsreisa i 1599 finn vi referert segna eller anekdoten om opphavet til namnet BUKKEN. Ein hollandsk fullriggar passerte ein gong fjellhamrane på øya med gjestgjevarstaden så nær at ein bukk som gjekk og beita, boppa ned på ei rånokk; derav namnet: Buch van Raa!



Prospect av Bukken 1808. Etter eit ungdomsarbeid av J.C. Dahl. Biletet har følgjande tekst på baksida: «To danske Kapere opbringer et engelsk Fartøi. Signalet, som Manden paa Høien heiser, betyder: Vore Krigsskibe have taget et fiendtligt Fartøi».



Bukken ligg sentralt i leia inn til Bergen.

Bukken ligg i Raunefjorden mellom Lerøy og Bjelkarøy, på ei av dei små øyane i Bukkasundet; midt i hovudleia mot nord. Alt på 1600-talet var Bukken ein av dei sentrale gjestgjevarstadene ved innseglinga til Bergen. Dei første åra av 1700-talet var det biskopen i Bergen, NILS SMED, som åtte staden. Sjølv budde han i byen. Seinare busette dei fleste eigarane seg på gjestgjevarstaden. Mellom desse var CORNELIUS PETERSEN som kjøpte Bukken i 1793, og JACOB VON KROGH,

som overtok i 1800. På denne tida var det ein viss konkurranse mellom Bukken og Godøysund i Tysnes (②23). Hardingane og folk frå Sunnhordland heldt seg mest til Godøysund, medan reisande frå Midthordlandsbygdene i større grad nytta Bukken. Skulle ein sørover hovudleia gjennom Austevoll og Fitjar, måtte ein gjerne liggja i Bukken og venta på bør, før ein la ut på det harde fjordstykket over Korsfjorden.

I 1811 kjøpte BERTIL OLAI WILHELMSEEN gjestgjevarstaden i Bukken,

og denne slekta dreiv staden heilt fram til 1897. Det var i denne tida, i 1849, at gjestgjevarstaden vart utvida til landhandel. Handelen i Bukken tok slutt i 1901, og gjestgjevarstaden vart nedlagd få år seinare. Den nye dampskipsleia gjekk utanom Bukken.

I dag er staden freda og i god stand. Hovudbygningen representerer byggeskikken i byen kring hundreårsskiftet 1800, likeins sjøbua med den opne svalgangen, og «skjenkestuen». «Folkestuen», for rorskarane og bygdefolket, er riven i dag. □

TYSSØY

På TYSSØY meinte B.E. Bendixen, som har skrive om «Kirkerne i Søndre Bergenhus Amt», enno kring 1900 å kunna påvisa restane etter kyrkja eller kapellet; den heilage Ludvigs Kapell. To store steinblokker hadde lege i skipets vestmur, og denne muren viste i terrenget i ei lengd av 16 meter. I dag er det få spor att av denne kyrkjetufta. HÅKON V. MAGNUSSON (1270-1319) fekk bygt 14 kapell ulike stader i landet. Tyssøy var kongsgard, og eitt av kapella vart bygt her. Som ein litt uvanleg skipnad vart desse kapella lagde beinveges under kongen. Bispane lika denne ordninga dårleg, og bisp ARNE SIGURDSON i Bergen bad seg fritaken frå å vigsla kapellet på Tyssøy. Dermed vart det bisp ERLAND på Færøyane som fekk vigsla kapellet. Dette vart gjort ein gong mellom 1305 og 1308. I Vøstervågen finn vi restane av ein naustmur, og det har kome fram restar av eikelunnar der oppdraget skulle vera. Desse tuftene vert kalla «Kongsnaustet», og etter tradisjonen skal dette vera naustet som høyrde til kongsgarden.

Kapellet på Tyssøy var det einaste i Noreg som var vigd til ST. LUDVIG. Dette er eit uttrykk for det gode tilhøvet mellom det norske og det franske kongehus på 1200-talet. LUDVIG IX var konge i Frankrike på midten av 1200-talet og førte pasjonsrelikviane (kross og tornekrone) til Paris. Son hans, FILIP III, gav ein torn av krona til MAGNUS LAGABØTE, som bygde den tredje APOSTELKYRKJA i Bergen for dette relikviet. Apostelkyrkja skal ha vore inspirert av Sainte-Chapelle i Paris (②54).

St. Ludvig.

